

NR. 2 -APRIL 2025

MASFJORDINGEN



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



GUDSTENESTER

6.april

Sandnes kyrkje kl.16:00
Påskemusikalen «Lys levande»
Framført av kora Soul kids og Te Deum,
begge frå Ostereidet
Gratis inngang, kollekt

17.april Skjærtorsdag

Masfjorden sjukeheim kl. 16:00
Påskegudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

17.april Skjærtorsdag

Granneheimen kl. 18:30
Påskegudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kveldsmåltid etter gudstenesta.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

18.april Langfredag

Stordalen fjellstove (ute) kl. 16:00
Påskegudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Takkoffer til Fjon Fjellkyrkje
Kan bli flytta inn i fjellstova ved dårleg vêr.

20.april 1. påskedag

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Høgtidsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Stine Sofie Stiftelse

21.april 2. påskedag

Solheim kyrkje kl. 19:00
Påskesong
Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov og forsongarar
Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap (NMS)

27.april

Solheim kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle,
Alf Holmaas Helland og Boris Kuprijanov
Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet
i Masfjorden sokn

4.mai

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle,
Alf Holmaas Helland og Boris Kuprijanov
Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet
i Masfjorden sokn

11.mai

Sandnes kyrkje kl. 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste v/Torbjørn Sæle,
Alf Holmaas Helland og Boris Kuprijanov
Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet
i Masfjorden sokn

17.mai

Solheim kyrkje kl. 10:00
Sandnes kyrkja kl. 11:45
Masfjorden sjukeheim kl. 15:30
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Ann Jorun Hillersøy
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

25.mai

Dagsturhytta Fjordblikk kl. 11:00
Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle
Kyrkjekaffi. Takkoffer til KRIK - Kristen idrettskontakt

8.juni 1. pinsedag

Sandnes kyrkje kl. 11:00
Høgtidsgudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Kirkens SOS
Årsmøte etter gudstenesta.

9.juni 2. pinsedag

Haugsvær, Eventyrskogen kl. 11:00.
Friluftsgudsteneste
v/Torbjørn Sæle og musikar Halvor Angelskår
Kyrkjekaffi. Takkoffer til Vake - Kirkelig ressurscenter
mot seksuelle overgrep
Kan bli flytta til Solheim kyrkje ved dårleg vêr.

15.juni

Hosteland, kl. 11:00.
Sjå plakat/nettside for nærare info.
Friluftsgudsteneste
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov.
Kyrkjekaffi. Takkoffer til Vake- Kirkelig ressurscenter
mot seksuelle overgrep
Kan bli flytta inn ved dårleg vêr.

22.juni

Frøyset kyrkje kl.11:00
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov.
Kyrkjekaffi. Takkoffer til Bildøy bibelskole

Det kan kome endringar. Oppdatert informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår: www.masfjorden.kyrkja.no

DØYPTE:

23.02.2025 Tilde Eide

Frøyset kyrkje
Foreldre: Maria Halland Eide og Tarjei Eide

23.02.2025 Lukas Thorsen-Ynnesdal Atterås


Frøyset kyrkje
Foreldre: Wanja Thorsen-Ynnesdal Atterås og Aksel Andreas Atterås

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølv å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

DØDSFALL:

16.02.2025 Agnes Eldbjørg Kolle, f.1936
03.03.2025 Inga Margit Kvinge, f.1931
04.03.2025 Kåre Storsæter, f.1952

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



PÅSKESONG I SOLHEIM KYRKJE 2. PÅSKEDAG

Fleire år har me no hatt songkveld på Solheim rundt påsketider. I år blir det arrangert «Påskesong»

2. påskedag, 21.april kl. 19:00.

Songkveldar har vist seg å være eit fint tillegg til dei tradisjonelle gudstenestene, og me håpar at mange vil kome og fylle kyrkja med song og musikk denne kvelden.

Forsongargruppa i Solheim kyrkja vil leie alle trygt gjennom songane som vil være frå heile påsketida. Me håpar og på solo-innslag, og organist Boris er som vanleg med på orgel og piano.

Sokneprest Torbjørn bind alt saman slik han pleier på sin trygge og gode måte.

Me avsluttar kvelden med ein enkel kyrkjekvelds, og tid til å stogga att og ta ein prat med kvarandre.

Spør gjerne om nokon som treng skyss vil sitje på med deg til kyrkja denne kvelden.

Fleire har gjeve positive tilbakemeldingar på desse songkveldane, og me håpar mange vil være med å feire siste påskedagen med song i kyrkja. Og om du ikkje syng, er det lov å berre lytte... Me gler oss til å møtast!


Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjeverje



Barnas



LABYRINT
Hjelp Maria
å finne
vegen til
grava.



FARGELEGG biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døydde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

דכז רלזקק זכז

זקז זל קקז

Vitsar:

- Du luktar så godt i dag. Kva har du teke på deg?
- Reine sokkar.

Det mystiske agentalfabetet:

η	∩	δ	∩	7	λ	h	∩	7	γ	Γ	ε	z	∩	
A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O
∩	∩	∩	∩	∩	∩	∩	∩	∩	∩	∩	∩	∩	∩	
P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	Æ	Ø	Å	



Gi bladet **Barnas**
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Har du høyrte om han som søv så tungt at senga knekte?



DÅPSSKULE

No er me godt i gong med dåpsskulen i alle kyrkjene i Masfjorden. Oppslutnaden har vore god og stemninga bra.

Om forelder/føresette til 5-åringar framleis vil møte med sine, er det berre å kontakte underteikna.

Siste dåpsskule i denne omgang vert 28. april i Solheim kyrkje, 29. april i Sandnes kyrkje.

Denne gongen vert Frøyset samanslått med Sandnes grunna eit lite kull på Frøyset.

Siste gongen vert fokuset meir på formingsaktiviteten, som skal bli eit kyrkjebilde. Nokre kveldstankar og litt



dramatisering over teksten vert det tid til også denne gongen. Kveldsmat og prat er også inkludert. Velkomen!

Helsing Else Iren Westervik, trusopplærer, tlf. 95226595.

TWEENSKLUBB

Tweensklubb er for dei mellom 5. - 7. klasse og oppmøtestadar er Haugsvær bedehus og Frøyset kyrkje.

Det blir påskeværkstad 9. april på Haugsvær. Sist, men ikkje minst blir det «ut på tur»-dag for tweensa 4. juni Haugsvær og 6. juni Frøyset.

Velkomen!

Else Iren Westervik, trusopplærer



DEN TOMME KROSSEN

Av biskop Ragnhild Jepsen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens budskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljninga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syng «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er



slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyrlangfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng budskapet om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirar vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jordekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr. 209

PÅSKEMUSIKAL I SANDNES KYRKJE

Søndag den 6. april kl. 16:00 er me så heldige å få besøk i **Sandnes kyrkje** av to kor frå **Ostereidet kyrkje**.

Det er voksenkoret Te Deum og barnekoret Ostereidet soul kids. Dei turnerer den helga med ein påskemusikal som heiter «Lys levande». Det er ei forteljing i ord og tonar om åtte dagar i Jerusalem. Påskespelet er skriva av Jon Kleiveland, Tore Thomassen, Jan Gossner og Randulf Roaldsen.

Det er gratis inngang, med høve til å gje kollekt. Dei som såg denne på Ostereidet i fjor, hadde mange lovord å sei. Så me håpar mange masfjordingar tar turen til Sandnes denne ettermiddagen.

Tekst: Eli Eidsnes



NY SEKRETÆR

På kyrkjekontoret har me dette året tilsett ein sekretær i 20% stilling.

Tetiana Puliaieva arbeider ein dag i veka hos oss, og er allereie i gang med fleire oppgåver som kan lette arbeidet for oss.

Ho kjem frå Kyiv i Ukraina og bur no på Hosteland med mann og dotter. Me ser ho er ei dyktig dame, og gler oss til samarbeidet vidare.

Velkomen til oss Tetiana.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjevevjerje



FASTEAKSJONEN 2025



Årets aksjonsdagar er 6.-8. april 2025.

Då kjem konfirmantane ein tur på døra rundt om i Masfjorden. Du kan gje kontantar på bøsse eller gje på Vipps. Ta godt imot ungdommane.

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag, på grunn av tørke, flaum, jordskjelv eller krig, men det er håp. Kirkens Nødhjelp arbeider både med akutt bistand i katastrofesituasjonar og langsiktige prosjekt for å redusera nød og fattigdom. Vi jobbar for fred, rettferd, og for å redde liv.

Krigen i Gaza og Ukraina har prega nyheitsbildet lenge. Samtidig er det ei rekke store humanitære kriser som vi knapt høyrer om, som krigen i Sudan. På toppen av dette ser vi no dramatiske kutt i bistanden til verdas fattige frå den største bidragsytaren av alle, USA.

Det er lett å bli motlaus. Men det er nettopp i disse dagar vi må samla alle gode krefter og gjera det vi kan for dei mest sårbare.

Gjennom fasteaksjonen samlar vi inn pengar til det livsviktige arbeidet som gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vera til stades for millionar av menneske som treng det mest.

Fasteaksjonen gjev grønt håp midt i tørken

Takka vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, der mange millionar kroner blir samla inn i kyrkjelydane i Noreg kvart år, kan Kirkens Nødhjelp bidra til at fleire får tilgang til vatn og kan skaffe seg mat og eit levebrød.

Tekst: Åsne Gullikstad Foto: Håvard Bjelland

Avlingar har kollapsa over heile Zambia i den verste tørken på 20 år. Men det finst unntak: I eit av dei verst råka områda har dei greidd å dyrke mat gjennom heile tørka.

«Kom og sjå», syng Catherine Mweemba (63) høgt medan ho dansar på åkeren, midt blant ei gruppe kvinner som står bøygde over jorda og hakkar. A nsiktet til Catherine sprekk opp i eit stort smil.

Dei andre kvinnene syng tilbake: «*Kom og sjå kva vi dyrkar her! Kom og sjå at vi plantar, kom og sjå at vi vatnar, kom og sjå kva vi haustar!*».

Catherine Mweemba kjem hit tre gongar i veka for å dyrke grønsaker.

I denne grønsakhagen blir det dyrka mais, tomatar, kål og belgfrukta okra. Vi er i distriktet Gwembe, sør i Zambia. Rett utanfor den irrgroene oasen er bakken brun og knusktørr. Dei fleste tre og plantar er tørka inn. Elveleie og bekkar er utan vatn.

Det har vore tørke i heile 2024 i store delar av det sørlege Afrika. Zambia er eit av dei hardast råka landa. Regntida i slutten av 2023 varte berre i tre veker, medan det normalt kan regne i fleire månader.

GRØNT UNDER TØRKA

– Mange har ikkje hausta noko i det heile i løpet av det siste året, fordi det ikkje har regna. Så det er mykje svolt i dette distriktet, fortel Caroline Mwewa frå ADRA, ein partnerorganisasjon som Kirkens Nødhjelp samarbeider med her.

Men kvinnene vi møter her, har klart å dyrke mat medan andre avlingar har kollapsa.

– Her viser vi måtar å dyrke på som er berekraftige og som faktisk verkar, sjølv i situasjonar som tørke, fortel Mwewa.

Dei som bur i området, kan kome hit og lære å dyrke grønsaker med såkalla dryppirrigasjon. Kirkens Nødhjelp og partnerorganisasjonen vår har sørgd for vatn. Ei solcelledriven vasspumpe pumpar vatn frå eit borehol opp til to store vasstankar. Derfrå blir vatnet ført ut gjennom slangar med små hol, så vatnet dryp i jorda akkurat der plantane er. Denne metoden krev ikkje så mykje vatn.

– Som regel har folk berre venta på regntida, og så venta til neste regntid året etter med å så. Men ein kan dyrke heile året, så lenge ein har tilgang til vatn. Det greier mange no, utan å vere avhengig av regnet, seier ho.

Dei som er med, kan òg selje grønsaker, og dei deler inntektene. Ein vass-stasjon er òg sett opp, slik at folk kan hente vatn til eige forbruk der. Mange har òg byrja med dryppirrigasjon i sine eigne grønsakhagar heime.

HAR FÅTT INNTEKT

Winnie Milambo har dottera på åtte månader i eit sjal på ryggen medan ho haustar mais. Winnie er gift og har seks barn. To gongar i veka kjem ho hit. Ho har òg ein grønsakhage heime, der ho har planta mais.

– Gjennom dette har eg fått ei inntekt, fortel ho. For inntektene har ho kjøpt to geiter.

– Når eg får endå fleire geiter, kan eg selje nokre og tene meir pengar. Pengane eg tener går òg til skulepengar for barna mine, og til å kjøpe mat. Det har betydd ei stor endring for meg.



INSPIRASJONSSUNDAG MED PROSTEN OG SOKNERÅDET



Prost Helge Taranrød

«Og då blir det bråk!» Prost Helge Taranrød retter ein streng peikefinger i veret. Og når prosten seier det vert bråk, er det all grunn til å tru det. Eg kikkar meg rundt for å sjå om eg har mist karamell-papiret mitt på golvet. Nei. Men det er heldigvis ikkje oss prosten siktar til, det er Jesus. Jesus ved Betesda-dammen utanfor Saueporten i Jerusalem. Teksten til preika er henta frå Johannesevangeliet, kapittel 5, der han lækjer den sjuke mannen som har vore lam i trettiåtte år og etterpå får pepper frå dei skriftlærde. Trettiåtte år med sjukdom borte på eit blunk? Ei umogeleg oppgåve for eit menneske, men ein bagatell for Jesus Kristus, vår superhelt. Inspirerende, for å seie det mildt. Tenk å ha slike krefter... Eg sit litt bak i kyrkja og tenkjer på det Jesus seier i Johannes 14,12: «Den som trur på meg, han skal gjera dei gjerningane som eg gjer. Ja, han skal gjera større gjerningar enn dei, for eg går til Faderen.»

Det er 2. februar i Sandnes kyrkje, den femte sundagen i openberringstida. Soknerådet og mange i kyrkjelyden er samla. Ein grunn er å hente inspirasjon



Helga Ekehaug med smykke ho fekk i gåve

og grunne over dei fantastiske gjerningane til Jesus Kristus, ein annan at me i dag skal takke av Helga Ekehaug, som forlet stillinga si i Masfjorden av di ho no går inn i avslutninga av prestestudiet. Det har vore ein lang prosess, seier ho, men ho er viss i sitt val. Me er visse me også: Me veit at ho har gjort ein fantastisk jobb som diakoni- og undervisningsleiar og kjem til å sakne henne i staben. Som takk får ho to avskjedsgåver frå soknerådet: Ei av dei er ein pilegrimskross, og det seier litt om vegen Helga har slege inn på. Han er ikkje strødd med korkje roser eller flotte sluttpakkar, men han er riktig. Og det er det viktigaste. At ein går den rette vegen. Ikkje alltid lett å finne orda i slike stunder, men Else Iren bryt den tunge stilla og syng «Amazing Grace», og nett det seier meir enn mange talar og flotte ord. Nett der, nett då.

Men det er meir: Denne sundagen er meir enn ein slutt. Det er også ein start. På noko nytt. Skal me tru statistikken har det skjedd noko heilt spesielt i Masfjorden siste året: Talet på gudstenestebesøkande har nemleg gått opp med førti prosent. Auken er på

mest tusen menneske. På somme sundagar er nesten ein av fem i kommunen til kyrkje. Tjue prosent av alle fastbuande. Det er også eit under, om ikkje heilt i klasse med Jesus ved Betesda-dammen, så er me jammen ikkje så langt unna. I kommunestyresalen er stemninga høg. Det er grunn til å takke Gud.

På kjøkkenet i kantina er Stian Søvik i gong: Der tryllar han fram middag, svinesteik, surkål og poteter. Det er så mirakuløst godt at folk ikkje klarar å stogge, men berre må innom kantina for påfyll. Kva er det egentleg som skjer? Er det sausen? Er det selskapet? Er det stemninga? Og det stoggar ikkje der: Stian har også laga dessert: Sviskegraut. Dette er i følgje han sjølv fyrste gongen og han er slett ikkje sikker på om han har treft det, seier han. Men det har han. Til

gagns. Du verden for ein sviskegraut: Ein eksplosjon av vanilje og frukt treff smakslauchane og sender oss nasestups i fatet. Det vert ein redefinisjon av heile omgrepet «dessert» og får nesten tårene fram, sjølv på kinna til dei mest uttalte sviskegrautmotstandarane i bygda. Ute skin sola over fjorden og sender sine strålar like inn i kommunestyresalen. Ho varmar, ingen tvil: Det er nesten vårstemning, sjølv om me no etter kalenderen er i striaste vinterria. Ingen tvil, Jesus hadde rett: «Den som trur på meg, han skal gjera dei gjerningane som eg gjer. Ja, han skal gjere større gjerningar enn dei...»

Tekst: Alf Holmaas Helland

Foto: Eli Eidsnes

MISJONSAVTALE MED NMS I ESTLAND

I juni i fjor inngjekk Masfjorden sokn ein ny misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) for 3 år framover. Denne gongen valte vi å støtte arbeidet NMS gjer i Estland. Fram til 1940 blei den lutherske kyrkja rekna som den tradisjonelle folkekyrkja i Estland. Men etter 50 år med kommunisme blir landet no rekna som eit av dei minst religiøse i Europa.

Estland har 1,32 millionar innbyggjarar. 9,9% er protestantar og 16,2% ortodokse. Det er det rikaste av dei baltiske statane, men har stor arbeidsløyse og mange innbyggjarar er framleis fattige. NMS samarbeider med Den estiske evangelisk-lutherske kyrkja (EELK) og med misjonsavtalen vår er vi med å støtter:

- Kyrkjelydsplanting og kyrkjelydsbyggande arbeid
- Leiarutvikling og lekmannsopplæring
- Kristen mediarbeid – av og for ungdom
- Global ungdomsutveksling mellom kyrkjer

Du kan være med å støtte NMS sitt misjonsarbeid i Estland ved å be for arbeidet eller gje ei pengegåve. Vil du støtte arbeidet soknet er ein del av kan du gje ei gåve på Vipps 620513

(Masfjorden sokn), trykk på gåve og legg inn «NMS Estland» som merknad. Det siste er viktig, så vi veit kva pengane skal gå til. Du kan og bli fast gjevar til NMS, ta gjerne kontakt så kan me sende deg brosjyre og skjema for å gjere avtale. Du finn og meir informasjon på www.nms.no/finndinmenighet og søk opp Masfjorden sokn. Saman forandrar vi verda.



Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevjerje

MIDDAG OG MISJON

Uvanleg kombinasjon, synest du ikkje? Vel, av og til tek ting heilt av her i Masfjorden. Og av og til i Frøyset kyrkje. Slik det gjorde denne sundagen i fastetida, som er eit unntak på mange vis: Presten kler seg i kvitt, ikkje lilla, som er den vanlege fargen. Det gjer han elles berre til påske, til jul og på treeinigheitssundagen. Det passa elles godt, for ute skein sola frå ein knallblå marshimmel.

Og denne nydelege vårdagen var litt spesiell på andre måtar også: I dag fekk me helse på den nye medarbeidaren på kyrkjekontoret: Tetiana Puliaieva frå Kyiv. Ho er no å finne fast kvar tysdag på kyrkjekontoret, travelt oppteken med ymse kontorarbeid og er visstnok ein kløppar på plakatdesign. Denne dagen var ho med oss på Frøyset og feira Maria bodskapsdag. Velkomen, Tetiana!

Det var også Åshild Bjørkum Furukawa frå Frekhaug: Ho representerte Det Norske Misjonsselskap - NMS og viste oss at Masfjorden no har bytt satsingsområde frå Thailand til Estland: Denne baltiske republikken som frigjorde seg frå russisk overherredømme i 1991 er no ein av dei mest ateistiske statane i Europa, med mykje fattigdom og arbeidsløyse. I hovudstaden

Tallinn har NMS to satsingsprosjekt – i Mustamäe og Saku, der det no er etablert to kyrkjelydar. I tillegg til leiarutvikling og kristent mediarbeid har det vore arbeidd med å få to kyrkjebygg på plass. Takka vere gåver og innsamlingsarbeid i norske kyrkjelydar er arbeidet kome på eit godt spor.

Eli toppa det heile med vakker solosong før me avslutta gudstenesta med middag. Og det var ikkje kva som helst som stod på menyen: Vår eigen stjernekokk i soknerådet, Stian Søvik, hadde laga hjortegryte med heimeplukka steinsopp og fløytesaus, potetstappe, tyttebærsyltetøy, salat og dressing. Gourmetkokkelærlingen vår frå Bryggeloftet, Justin, var så overvelda av den raffinerte smaken at han måtte bort og forsyne seg to gonger. Andre måtte bortom for påfyll for tredje gong. Preiketeksten frå Lukasevangeliet fekk liksom eit nytt innhald denne gongen, for ikkje å seie smak, eller som det står i Lukas 1,37: «Ingenting er umogleg for Gud.» Og eitt er visst: Middagen hadde sin misjon, han òg... Ein stor takk til alle som var med og gjorde denne dagen til ein minneverdig sundag!

Tekst og foto: Alf Helland



HØGT OG LÅGT MED TÅRNAGENTANE



Helga 15. – 16. mars var det duka for Tårnagenthelg, som denne gongen var i Solheim kyrkje.

Tolv agentar stilte. Her hadde det i løpet av natta skjedd «fleire mysterium» som måtte løysast. Agentane fann både fotspor og fingeravtrykk og ved hjelp av forstørrelsesglas, løyste dei til slutt heile mysteriet.

Forutan mysterieløysing var det sporrøp, skattekiste-leiting, øving til gudsteneste der bl.a. tårnagentsongen skulle framførast. Me fekk også høyra om drøymaren Josef i medgang og motgang, der Herren var med han gjennom alt!

Alf hadde med seg fleire konfirantar som hjelpte til undervegs, så ein matbit eller to blei det også

på oss alle. Stor takk til Alf som stilte med så flinke og hjelpsame konfirantar. Vil også nytta høve til å takka Remi (denne helga kalla for Remi i tårnet), som følgde dei heilt oppi kyrkjetårnet: Jau, det kima ein fin kyrkjeklang over Solheim denne helga.

Neste dag deltok tårnagentane på gudsteneste saman med barnekoret og Torbjørn snakka atter ein gong om Josef. Denne gongen fekk presten god hjelp av barna, som svara flittig under heile preika. Me kunne skimta opp til fleire gode prestespirar i denne gjengen, noko som lovar godt for Masfjorden i framtida.

Til slutt blei det sjokoladecake på kyrkjekaffien.

Tekst: Else Iren Westervik, trusopplærar
Foto: Sigrun H. Reknes, Torbjørn Sæle



CAMP ALVÆRA

Det er mørkt denne fredagskvelden, men stjerneklart. Ein iskald austavind feier utetter Sognefjorden. Nokre minutt aust for Lavik, ser me lya: Norway Bussekspress sin kvite Scania blendar ned hjortelampene sine og blinkar seg ut på haldeplassen på E39. Bussen stoggar og dørene opnar seg. Ut kjem landslaget. Det ser mest slik ut i alle fall, etter talet på trillebagar og koffertar å dømme. Men det er ikkje landslaget. Dei er fleire og dei er hakket tøffare. Dessutan er dei klare for oppdrag: Camp Fjon har teke steget vidare. Nordom Sognefjorden. Og me har auka i talet sidan sist: Over tretti deltakarar er me denne gongen, ikkje berre frå Masfjorden, men også frå Solund og Gulen, ei lang rekke med spente konfirmantar som marsjerer taktfast langs europavegen på ei rekke. Sersjant Odin leier an og tek oss inn mot leiren lengre inne. Gul vest og hovudlykt. Nattoppdrag. I ukjent lende.

Etter ein kvarters marsj i mørke ser me lya av leiren. Stemninga stig. Endeleg kjem kommandoen «Holdt! Pakning av!» Me stig inn i kasernen, får av oss utstyret og sjekkar kvarandre for frostskeidar. Det ser ut til å ha gått bra denne gongen. Torbjørn tek imot oss og har første briefen. Oppdraget er klart: Alle skal overleve. Tema er påska, Jesu liding, død og oppstoda. Nett den fyrste delen har me fått ein liten forsmak på allereie og kjenner på oppfriskande neglesprett og ekte tårer som renn på unge mannekinn.

Maten i messa er upåklageleg, og vertskapet Toril og Olav på 75 og 80 diskar opp. Ingen stridsrasjonar



denne gongen, men nysteikt pizza. Køyene er varme og innbydande. Mange er meir enn klare for ein god strekk på brisken etter ei lang skuleveke og tørnar inn tidleg etter kveldssamling og tidebøn. Andre kjenner på trongen for å gjere seg kjent i nærområdet, men temperaturen ute set naturlege grenser for vidare rekognoseringslyst. Loppekassen lokkar. Og varme dyner vinn. Utifrå reine HMT-krav vert Alterduren (for meir informasjon om dette særigne akustiske fenomenet, sjekk ut Masfjordingen nr.5 -november 2024, del 1, «Lys i mørket» plassert i eit godt isolert rom lengst borte i gangen. Prøvemålingar i tidleg fase på natta gjer relativt små utslag på Richters skala og leiinga ser seg nøgd med avgjerda. Tommel opp. Og ein feil er ikkje ein feil før ein gjer han to gongar.

Neste morgon er det revelje. Frukosten er av det solide slaget og Toril køyrer skytteltrafikk med serveringsvogna. Munnar skal mettast. Etter frukost tek Bjørn Magne over kommandoen og gjev oss ei grundig innføring i påska. Kva tyder «skjærtorsdag»? Og «palmesundag»? «Den stille veka»? Han viser oss altertavla frå Husøy kyrkje og korleis kunstnarane gjennom tidene har tolka den fantastiske historia om Jesu siste år.

Ute skin sola. Det lokkar oss utom døra, men trua på vårsol og varme vert noko svekt etter dei første ti



sekundane: Ein kvass austavind kvervlar opp sanden utanfor døra såpass at gledestårene renn. Er ein uforsiktig og opnar munnen, knasar det godt mellom tennene. Det stoggar likevel ikkje mannskapet vårt, som prøver seg på volleyball for vidarekomne, med sjal, sidevind og saharasand. Fotballentusiastane er endå djervare: Dei tek turen til det lokale anlegget som i løpet av åra naturleg nok har endra karakter frå fotballbane til juletefarm. Dette stoggar likevel ikkje dei mest sportslege av deltakarane våre: Endringane i terreng byr nemleg på store fordelar for dei av oss med erfaring frå orienteringsløp. Desse scorar stort på nye spelestrategiar, som til dømes uvanleg høge lobbar og ikkje minst kompasskurs mot mål. Det er ingen tvil: Her dreiar det seg om tilpassing til lokale forhold.

Etter intens uteaktivitet er sjølvsgagt laurdagsgrauten eit uomtvisteleg høgdepunkt: Toril og Olav på kjøkenet let seg imponere over innhogget i grautkjelen og det er med kulerunde magar og plirande augo me vraltande forlet messa, utan ynskje om noko meir i denne verda. Inne i salen har Ingunn Sognnes gjort seg klar med ein spennande presentasjon om kristenlivet på Cuba, om kyrkjer på toppen av flate hustak og ekte menneske i små kår som smiler og ler. For mange av dei kristne cubanarane er det største ynskje å ha sin eigen bibel. Det er sterkt å sjå at Guds ord vert verdsett på ein slik måte. Her er det tydeleg at

me her i nord har mykje å lære.

Men PowerPoint er ikkje måten å ende ein laurdags ettermiddag på: Sola skal nyttast og me må ut. Ein av aktivitetane er spikking, og det er utfordrande nok i effektive femten minusgrader. Mottoet til laget er klart: «Ekte infanteristar frys ikkje. Dei vert berre blå og stille.» Likevel, etter tre kvarter er ikkje grepet på spikkekniven det det eingong var, og for å unngå blodbad med nykvesst Morakniv let me uferdige prosjekt forbli uferdige prosjekt og søker mellombels tilflukt i snikkarboden til Olav. Der spikrar me i ekte påskeånd ein ordentleg kross av justert material. I alle skikkelege krossar skal det sjølvsgagt vere skikkelege naglar. Dette tek me på alvor, så alle naglehol vert på grundig vis oppmålt etter kroppsmål og forbora slik seg hør og bør med ordentleg drill frå Bosch medan me nynnar taktfast på «Deg være ære». Det er påske i luften. Utan tvil.

Kva med resten av kvelden? Jau, det vert eit eventyr: Olav og Torill diskar opp med taco og riskrem. Etterpå får Håkon prest og Eirik stemninga i taket med eit utal herlege leikar og konkurransar. Det er fyr i peisen, ekte laurdagskveld. Ekte leirkveld. Og etterpå er det tid for ettertanke, bønnevandring og allsong. Bjørn Magne tryllar fram tonane på pianoet og tida står for ei kort stund heilt stille. Det er fellesskap. Guds fred. Ro. Nåde. Midt mellom alle andre er det tid og rom til



å vere åleine med eigne tankar og legge fram det ein har til Jesus. Godt å ha ein general som kan ta over når alt tårnar seg opp. Ingenting er for stort for Sjefen i Himmelen.

Neste morgon er det vanskeleg å stå opp. Toril og Olav veit likevel å motivere mannskapet sitt: Det er nemleg riskrem til frukost, med mangosaus. Sjeldan vare i dei fleste fjordhotell, men ikkje på Alværa. Her, fem minutt aust for Lavik er det alltid rom for litt ekstra. Det er ein vakker ting å tenkje på sjølv om me no går rundt med trommemagar etter opphaldet og problemlaust skal klare å komme oss gjennom heile fastetida utan anna enn vatn. I regelen er det sjeldan ein seier nei til hotdog og dessert etter gudsteneste, men denne gongen må fleire av oss dessverre melde pass. No hadde ingen av oss fornærma Harald Hardråde, men måtte likevel seie oss samde med skalden Halle: «Drep meg konge, men ikkje med graut...»

Spørsmålet som me stiller oss denne morgonen er dette: Kjende Harald Hardråde til våpenet riskrem?

Stemminga sundag ettermiddag er spesiell: Siste leir er ferdig. Håkon og Eirik leier troppen i taktfast marsj mot ekspressbussen i strålande sol. Kva no? Er dette slutten? Slutten på konfirmanteventyret 2025? Nei, slett ikkje. Neste oppdrag ligg rett rundt hjørnet: Konfirmantfestivalen i Knarvik. Oppstilling laurdag 29.mars. Klar til strid 11.15. Og spør om me gler oss!

Tekst: Alf Helland

Foto: Torbjørn Sæle

VÅRRYDDING PÅ GRAVPLASSANE

Våren er på veg og det er snart tid for å rydde vekk vinterpynt på gravene.

Kyrkjegardsarbeidar startar våroppryddinga på gravplassane rundt påsketider. Me vil difor be alle rydde og hente kransar og vinterpynt ein vil ta vare på frå gravene innan 6.april.

Me minner og om at det er viktig at lys med metall-lokk blir rydda vekk så snart som mogleg etter bruk. Dette er særskilt viktig no når det vårast, for å forhindra at fuglar får tak i lokka og slepp dei ned på jorder rundt gravplassane. Særskild er dette viktig der gravplassane ligg i jordbruksområde som blir slått, då me vil unngå å få metallrestar inn i fôret til dyra, som i verste fall kan gje dei ein pinefull død. Vær og obs på at mindre pyntegenstandar av plast, metall og liknande bør sikrast med ein streng eller liknande i jorda, så ikkje dei fer av gårde i vind, med fuglar eller at kantklipparen kjem borti når tinga ligg langt ute på kanten av plantefeltet. Dette er viktig når me nærmar oss slåttetider og auka fugleliv.

Treng du hjelp til stell av familiens graver, tilbyr me gravstell-avtale med planting i mai, sommar, haust og kransnedlegging til jul. Dette kan du bestilla hjå kyrkjevevjerje på tlf. 56 16 62 61.



Når våren kjem er det ein del gravsteinar som gjerne har blitt skeive i løpet av vinteren eller åra som har gått. Dette kan kyrkjegardsarbeidar også hjelpe til med. Bestilling av oppretting gjer du hjå kyrkjevevjerja.

Til slutt minner me om at plantar på gravene ikkje må bli så store at gravminne vert dekkja.

Eli Eidsnes, kyrkjevevjerje.

MIN SALME ved Sveinung Hope

«Min salme» er å finna i Salmar 1997. Den er opprinneleg svensk, skriven i 1889 av Carl David af Wirsén, og heiter Sommarpsalm. Den vart omsett til norsk først 106 år seinare, i 1995, av Øystein Thelle med tittelen Så grønn en drakt. Melodien, av Waldemar Åhlén, er nydeleg, og vert enno vakrare når den vert sunge firstemt ein sommardag, med sol skinande gjennom farga kyrkjevindauge.

Eg synest forfattaren skildrar så godt forventninga og gleda over våren og sommaren, som kjem til oss. Når ein er oppvaksen på Matre, som eg, vert ein kan hende ekstra glad over å kjenna sola varma, etter å levd i "skuggen" i 4 månader. Alt som vekkjest til liv er eit under, openberra rett framfor augo mine. Alt sprenger seg opp og skyt knoppar i grøen forvandling. Det er sagt at der er mange som har lyst til å kolonisera planeten Mars. At nokon skulle ha ønskje om å vera den første på ein stad utan sol framstår for meg som komplett uforståeleg. Sommarsalmen rundar av med erkjenninga av at alt det yrande livet må stilna, visna og døy. Men Gud går ikkje i dvale, han er med oss alle dagar. Han er den Han var i 1889, hadde ikkje endra seg i 1995, og kjem til å vera den same om nye 100 år.



Salmen kom inn i Norsk salmebok 2013 og står der på nummer 845:

1 Så grønn en drakt, så rik en duft
har smykket dal og enger!
Nå strykes ømt av lys og luft
de fagre urtesenger.
Hør lundens sus og bekkens brus
forkynne hva som kommer:
Omsider blir det sommer!

2 Sin lykke, fred og sommerfryd
må yre fugler prise.
I mark og skog fra nord til syd
de jubler frem sin vise.
Hør håpets klang i deres sang,
i hymnen de lar kvede
fra blomstereng og rede.

3 Men du, o Gud, som gjør vår jord
så skjønn i slike stunder,
gi at jeg akter mest ditt ord
og nådens store under!
Som blomst og løv blir muld og støv,
skal vi og verden fare,
men Herrens miskunn vare.

4 Alt kjød er gress og flyktighet
det tæres fort av elde.
Kun du, Treenig majestet,
er evig i din velde!
Med sjel og kropp skal jeg stå opp
og blomstre i ditt rike,
når denne jord må vike.

5 La falme verdens prakt og glans,
la all dens lyst forsvinne.
Min venn er min, og jeg er hans,
vår kjærlighet skal vinne!
Så syng det ut: Snart skaper Gud
en sommer uten make
og gir oss alt tilbake!

SOKNERÅDSPRATEN –

«GO, TELL IT ON THE MOUNTAIN»

med Anbjørg Berg Dyrhovden.

Det er vår ute. Definitivt. Krokusen sprengjer seg ut av sur myrjord og gjæsene siglar stilt over hustaket som små transportfly før dei faldar ut flapsen og skrensar av i vika nedanfor. Trosten sit øvst i bjørka og øver seg til Melodi Grand Prix. Ute under takskjegget heng røykesilda og godgjer seg. Med andre ord: Det er på tide å gripe telefonen og ringje eit soknerådsmedlem. Eg held meg for augo og let venstre peikefinger danse over lista. DER! Jepp, Anbjørg! Dette vert garantert artig:

«Hei, Anbjørg! No er me frykteleg spente her, kan du fortelje litt om deg sjølv? Som du veit er lesarane av Masfjordingen ute etter kalde, harde fakta:»

«Ja det skal du få! (Anbjørg ler) Eg har nett fylt 25, bur på Skjelanger på Holsnøy, og arbeider på MBA, Masfjorden Bu- og Aktivitetssenter.»

«Saft suse. Her snakkar me om lang reiseveg. Over ein og ein halv time kvar veg det der. Har høyrte rykte om at arbeidsmiljøet ved MBA er bra, men dette må no vere rekorden.»

«Det kan du seie. Men du har rett, arbeidsmiljøet er steikandes bra. Og dei har ordna med så gode vakter til meg, slik at eg slepp å reise fram og attende kvar dag. Herleg. Og det vil eg berre ha sagt: Utruleg kva ein kan få gjort når ein køyrer bil.»

«Rykta går at du er ein rasar på strikking og har opp-til fleire heftige strikkeprosjekt gåandes samstundes. Sei meg: Strikkar du også i bilen? Er det mogeleg?»

«Nei, er du galen, mann! Men eg syng! Det er ein god aktivitet i bilen. Og så høyrer eg på podkastar. Men har eg frivakt, så er det strikking som er favorittaktiviteten. Likevel, i det siste har det vore mindre tid til å spøte; eg er nemleg med i organisasjonen «Ung for Fjella» og arbeidar mot den evinnelege vindkraftutbygginga som profittsugne kapitalistar vil øydeleggje naturen vår med. Som aktiv turgåar og ektefødd Matri-jente kan eg søren snyte meg ikkje sitje og sjå på at slikt skjer. 10. april vert ein spennande dato. Då får me svaret frå Modalen. Kjem det eit rungan- de «nei» derifrå også, så står me sterkt. Neimen om Mammon-tilhengjarane skal få herpe fjellheimen vår.



Ikkje utan kamp. Og det har vore kamp i Matrefjella før også...»

«Der har du rett. Me har eit 80-årsjubileum like rundt hjørnet, men eg vonar absolutt me kan kome frå denne kampen utan å rigge til MG-stilling på Klavefjellet. Skulle tru me som bur her i Guds frie natur får ha siste ordet. Men attende til kyrkja, Anbjørg, kva har dette bygget å seie for deg?»

«Kyrkja er eit ope rom. Ein fristad der ein kan få slappe av, senke skuldrene og ha fred og ro til å lufte sine eigne tankar. Nett det trur eg kan vere viktig. Og så er kyrkja ein stad der tradisjonane våre står fjellstøtt: 17. mai og julaftan, då må eg berre i kyrkja. No har eg også vore med som forsongar på gudstenestene eit par gongar og det er rasandes kjekt. Har også tenkt på at kyrkjekaffien på mange måtar er ei genial oppfinning: Her treffer ein bygdefolket og får sjansen til å slå av ein prat med alle dei ein elles ikkje ser i ein hektisk kvardag. Nei, kyrkjekaffien er ei super sak.»

«Men korleis hadde det seg at du kom inn i soknerådet? Fekk du eit kall?»

«Nei, ikkje akkurat det, men derimot ein telefon frå Maja. Funkar det også. Og å vere med i soknerådet har eg ikkje trega på, tvert imot. Du verden så mykje arbeid som vert lagt ned i Masfjorden sokn! Og det er veldig spennande å vere på «innsida», følgje med, sjå kva dette arbeidet eigentleg går i og kjenne på medråderetten, demokratiet i bygda.»

«Kva bør så kyrkja i Masfjorden satse på i tida framover?»

«Rart du spurde det spørsmålet, det hadde me oppe seinast på fredag i soknerådet. Mitt svar er musikk. Me må ha meir musikk i kyrkja. Gjerne av den livlege sorten. Gjekk dessverre glipp av både Cash-messe og Cuba-kveld, som eg høyrde folk snakka mykje om seinare. Songkveldar, det synest eg er eit supert tiltak. Grådig artig når me får sjansen til å kome saman og syngje litt. Berre synd at eg bur så langt borte no, har liksom ikkje fått høve til å delta slik eg gjerne ville. Kanskje eg bør ynskje meg sjøfly til julepresang? Det ville ha forenkla logistikken litt.»

«Har du nokre spesielle kyrkjelege opplevingar du gjerne vil dele med oss?»

«Eigentleg mange. Men det som slår meg mest når du spør, er Oslo Soul Children Festival. Det må ha vore 10-12 år sidan, då fekk me vere med på reis heilt til Tigerstaden. Det var fantastisk. Tenk deg, me stod utanfor Universitetet i Oslo og song. Ramon, han som no er ein kjend artist, han var der også, nett som oss andre. Kjem aldri til å gløyme det der. Og der må eg berre få slengt ut følgjande: KRIK-leir! DET er supre

saker. Ungdommen må berre få komme seg ut på leir og vere i lag. Slik skaper ein minne som kan følgje ein heile livet».

«Før me slepper deg, har du ein yndlingssalme å sende med oss ut i påska?»


«Åhåå! Den var vanskeleg. Salmeboka er diger. Og eg diggar gode songar. Er litt glad i dei kjente kjære, helst av dei med litt futt og fart i. «Navnet Jesus blekner aldri», nummer 86 i den nye, raude boki, er ikkje til å kimse av. Andre verset har faktisk litt å seie oss no i kampen for fjella:

«For det navn må hatet vike,
for det navn må ondskap fly.
ved det navn skal rettferds rike
skyte friske skudd på ny.»

«Herleg, Anbjørg. Herleg. Lat oss berre be ei bøn for den 10.april, at rettferda skal sigre. Og at fjella våre får stå i fred for kortsiktig kapitalvinst. Takk for ein kjekk prat, Anbjørg! Go tell it on the mountain!»

Tekst: Alf Holmaas Helland

Foto: Privat



Tekst og foto: Torbjørn Sæle

EIT MØTE MED BJARTE LEITHAUG

Bjarthe Leithaug er ein fin fyr! Ein tysdags ettermiddag i februar var eg så heldig å få besøk av denne fine fyren i leiligheten min på Hosteland.

Så imøtekomande, så grei, og så triveleg som ham var! Me fekk ein kjekk og lang prat. Me åt vaflar og kosa oss skikkeleg. Han hadde med gitaren og me musiserte i lag. Det gjorde me óg i 2007. Då var han på Solheim med konserten som heitte «Sprell, sprell levande ungar». Eg var solist på ein av songane.

Og så intervjuja eg han.

Kan du fortelja litt om deg sjølv?

-Me er fem søsken. Eldste bror, Lyder, er far til den kjente artisten Gabrielle. Han er organist i Eidsvåg. Inger er pianopedagog og Paul er konsertorganist. Solveig er attpåklatten og er kjent artist både i USA og her til lands. No har ho flytta heim igjen til Noreg og er kyrkjemusikar i Jørpeland kommune i Rogaland.

-Då eg var liten var det kø ved pianoet. Eg syns det var litt stridt med pianoet, eg vart sliten av all spelinga frå dei andre. Men gitaren var ledig, og den likte eg betre. Eg lærte meg mest sjølv. I oppveksten høyrde eg mykje på kristen country.

-Me budde på Frekhaug, far var lærer på folkehøgskulen der. Mange elever frå folkehøgskulen kom heim til oss og spelte og øvde. Johannes Kleppevik var ein av dei. Eg lærte han å spela gitar, og det er eg veldig stolt av. Eg synest han har mange fine songar.

Når begynte du å laga eigen musikk?

- Eg begynte å skrive songar då eg var 18 år og vart med i tensing- kor. I 1983 gav eg ut den første plata mi. Den første ordentlege songen eg skreiv heiter «Thomas si vise». Då var eg opptatt av å synge songar til ungdommar i bedehuset. Eg prøvde litt på rock, men fekk kjeft fordi det var mykje trommer og sånt.



Eg skreiv om ei gammal dame som heitte Olga. Ho laga basar og sydde og strikka og samla inn pengar til misjonen. Eg ville skryte av Olga, og det vart til eit album.

Plata vart ein kjempesuksess. Eg fekk invitasjonar til festivalar og turnear etter dette, og varma opp for den mest kjente kristne artisten Larry Norman. Han var kjent over heile verda den gongen, og vi fekk opptre i alle store konserthus rundt om i Noreg i lag på turne. Dette var ein god start for meg som artist. Eg likte å jobbe med musikk på heiltid, men det blei veldig travelt og lite heime etter kvart. Då me fekk barn syns kona mi og eg at det vart for mykje for meg å vere fulltidsmusikar.

Kva var grunnen til at du begynte å laga barnemusikk og gi ut barneplater?

-Det var det at me fekk barn sjølv og heile livet dreidde seg om det. Men etter kvart kunne eg ta med dei tre ungene på turnear. Eg prøvde å legge til rette for å ha god tid når ungene var med. Me reiste i Tusenfryd og Kongeparken, til dømes. På alle CD-ane som eg gav ut var ungene solistar; Bendik, Martin og Astrid. Me reiste rundt på over 100 konsertar. Ungane syns det var stas å få nye venner på kvar plass me reiste. Eg laga ein eigen cd til

Astrid i 2006.

Kva var det som gjorde at du begynte å reise rundt og ha konsertar og kortreff med ulike barnekor?

Dette hang saman med at ungane var med meg på turné. Eg fekk idéen om at konsertar og seminar med meg, barna mine og barnekor kunne vera ein god kombinasjon. Eg laga opplegg der barnekor lærte seg songane mine og var med og song saman med oss på konsertane.

Så har eg høyrd at de starta barnekor på Flatøy.

- Ja, det skjedde lite på Flatøy, så eg og kona starta barnekor. Det budde 50 barn på Flatøy og det var 52 ungar med i koret, så alle var med. Eg har bursdag på nyttårsaftan. På bursdagen min laga me til skirenn og akefest heime hjå oss, med rakettar, og kafé i garasjen!

Kva inspirerer deg når du skriv låtar?

-Når ungane var små var det ting ungane sa, som til dømes «Skal vi være venner». Eller når ting er urettferdig så har eg lyst til å seie noko om det. Og så inspirerer historier frå mitt eige liv. For albumet «Skal vi være venner» fekk eg gullplate.

Kan du fortelja historia bak sangen

”Da pappaen min sov”?

Eg fekk lyst å lage en tuellesang om ein far som ikkje våknar, på ein måte sjølvopplevd, men overdrive for å få det litt morosamt.

Kan du fortelja litt om sjølve produksjonsprosessen når du gjev ut musikk?

-Det startar med at eg har lage ein melodi og tekst. Så spør eg alltid nokon som er flinkare enn meg om å koma med innspel. Alf Emil Eik i Kristiansand har produsert fem av platene mine. Han er veldig flink og gjer nesten alt sjølv, og spelar veldig mange instrument. Alf Emil er same produsent som Terje Formoe har brukt til Kaptein Sabeltann.

Har du nokon faste musikarar med deg på albuma du har gitt ut?

-Ikkje no, men på dei tre første platene hadde eg eit band som heitte Slep. Det besto av barndomsvenner frå Frekhaug og Bergen.

Har du ein favorittlåt blant songane dine?

-Litt vanskeleg når eg har så mange. Tenker at den beste songen har eg ikkje laga enno. «Green heighheel shoes» likar eg best akkurat no fordi eg synest musikken blei så fin på den. Ho som eg har skrivt songen til er ein nabo. Ho legg ut bilete av kor ho har vore ved å legge ut bilete av dei grønne skoa sine. Ho har alltid hatt ope hus og har betydd mykje for oss naboar. Eg laga denne songen til ho på bursdagen hennar, og framførte den der. Men veldig glad for eg har skrivt «Tenn et lite lys», fordi så mange barn kan den. På Lysfesten i Bergen i 2024 var det sikkert 20-30 tusen menneske der som song denne songen. Dei høyrde det heilt opp på Ulriken. Det var ei veldig spesiell og fin oppleving!

Søndag 16. mars deltok Bjarte Leithaug på solidaritetskonserten for Ukraina der han song saman med Anne Hvidsten. I april gir han ut ein song som heiter Juninatt og 1.juni har han konsert saman med eit barnekor i Alversund kyrkje.

Bortsett frå musikken er det teikning han driv mest med no for tida. Han har teikna alle ordførarane i gamle Lindås.

Han viser meg ei teikning av mor si. Jammen er han flink til dette og!

-No er eg blitt bestefar til to og det er kjekt å oppleva at barnebarna lærer songane mine i barnehagen, seier han. - Når eg sluttar som lærer til sommaren får eg meir tid til å reise rundt å ha litt konserter. Då håpar eg å få gjere mykje musikk i lag med barnebarna mine.

Tekst: Jo Ronald Mjanger



VERDENS BESTE HOBBY

Liv Oda Dale har i over 30 år hatt ei synleg rolle i korbevegelsen, og vart nyleg erklært æresmedlem i Norges Korforbund Hordaland.

-Eg har vore aktiv i korforbundet i over 30 år, så det har blitt ein livsstil for meg, fortel Liv Oda. Ho er rørt over å ha blitt tildelt tittelen æresmedlem. Ho er oppteken av gode rammevilkår og at forholda skal ligge til rette for at songglade koristar skal kunne driva med hobbyen sin.

-Eg likar å engasjere meg, og eg liker å synge i kor. Det er verdens beste hobby, med kjekke, positive folk som er godt å vere rundt, seier Liv Oda og fortel at ho kom inn i styret i Norges Korforbund Hordaland i 1996. Så har ho vore leiar først ein periode mellom 2003 – 2006, før ho igjen vart vald til leiar i 2015. Samstundes har ho sete i styret for songkoret Spleis sidan 1991, der ho og har vore leiar sidan 2001.

- I tillegg var eg i sentralstyret i Norges Korforbund i åra frå 2000 – 2014, der eg var visepresident frå 2006 og siste halve året som president, legg ho til.

Det er lett å forstå at engasjementet er høgt.

-Eg kjenner meg heldig som har fått lov å bidra inn mot korbevegelsen. Korarbeid og korsong har vore ein stor del av livet mitt i meir enn 30 år, og eg håpar det blir meir av det i åra som kjem.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Norges Korforbund Hordaland



Norges Korforbund er den største kororganisasjonen for kor og vokalgrupper med meir enn 1 000 kor og vokalgrupper og om lag 33 000 medlemmer.

Lurer du på kva du skal bruke tysdagskveldane til framover?

Då er du hjarteleg velkommen til å synge saman med oss i Songkoret Spleis!
Vi øver på Matre skule tysdagar frå kl. 18.00 til kl. 20.30. Dirigent er Boris Kuprijanov.



Det er heilt uforpliktande å bli med oss ein øvingskveld for å sjå om dette kan vere noko for deg!

Liv Oda Dale

IDRETTEEN SATSAR PÅ UNGDOMMEN

Nyleg deltok 12 ungdommar i alderen 13 – 17 år frå Masfjorden og Gulen på Leiarkurs for ungdom i regi av Vestland Idrettskrets.

Kurset gir deltakarane ei innføring i idrettsorganisasjonane, utdannings-tilbodet, etikk og rollemodellar. Vidare får dei gjennomført mange oppgåver som er relatert til eigne ferdigheitar som sjølvbilde, sjølvtilitt og sjølvkjensle.

Dette vart også gjennomført med ei praktisk presentasjonsøkte, eit sjølvvalt tema. Alt for å forstå korleis ein best råd er kan førebu seg til ei leiarrolle.

Vidare var kurset lagt opp som starten på ein prosess der utøvarane både kvar for seg, og i små grupper skulle planlegge sitt eige prosjekt, og som dei ynskjer å iverksette i praksis før sommaren er over.

Det betyr at me får realisert All-idrett på Matre, e-sport på Sandnes, miniturnering i Nordbygda og fotballturnering under Masfjord-sprinten. Alt i regi av kursdeltakarane.

Og så får dei også ta del i arbeidet med ny kommunedelplan for idrett som Masfjorden kommune skal revidere i år.

Planen skal gjelde for 2025-2032.

Det er viktig at ungdommen får vere med å prioritere tilrettelegginga av fritidsaktivitetane sine.

Det er også svært gledeleg at mange av kursdeltakarane også er med i



Ungdomsrådet. Det viser at me har engasjerte ungdommar i bygda, og det lover godt for framtida.

John Torsvik,
leiar Masfjorden Idrettsråd



UNG FOR FJELLA

Ung For Fjella er ein organisasjon som arbeida for å bevare natur, fjell og bygdesamfunn. Me har meir eller mindre vore aktive dei siste fem åra, med fokus på vindkraftsakene som har prega fjellheimen i Nordhordland, og den siste tida Modalsfjella.

I løpet av desse åra har mange unge engasjert seg i saka, på ulikt vis. Felles er at alle har eit forhold til fjella og naturen me omgir oss med, og at det vil me ta vare på. Per dags dato er me fire som sit i styret i Ung For Fjella: Anbjørg, Anders Emil, Lars Rognald (Masfjorden) og Kristoffer (Alver).

Som nemnt er det Modalsfjella som har vore vårt fokus den siste tida. Her vil utbyggjarane byggje 100 vindturbinar og fjella vil bli til eit industriområde. Milevis med vegar, skjæringar og fyllingar vil prege området, som er på størrelse med 20 000 fotballbaner. Flora og fauna vil bli sterkt skadelidande. Støy frå rotorblad og blinkande lys vil dominere omgivingnadane i mils omkrins.

Fjella våre har for mange stor verdi og er viktig i høve til livskvalitet, både fysisk og psykisk. Eit slik inngrep vil kunne føre til ubotelege følgjer for naturen, fjella og menneske. Ikkje berre i nabokommunane, men for menneske langt utanfor Modalen sine landegrenser.

I vårt arbeid for å bevare fjellheimen har me samarbeidd med ulike organisasjonar. Folk For Fjella, Motvind Vest og Miljøvernforbundet, for å nemne nokre. Me har vore delaktig i å både arrangere og delta på møte og markeringar, hatt innlegg, appellar, vist film og musikkframsyning. Me har også delteke på folkemøte og kommunestyremøte i Modalen. På folkemøte i Modalen las me blant anna opp eit brev som ungdom i Modalen hadde skriva i høve anledinga. På kommunestyremøte viste ein film av unge vaksne frå Alver og Masfjorden. Her fortel dei kva vår felles fjellheim betyr for dei, og seier tydeleg NEI til vindkraft i Modalen.

I det heile har me opplevd eit stort engasjement blant unge i omsyn til vindkraftsaka i Modalsfjella. Engasjementet vart særst synleg i eit opprop som me har gjennomført for unge vaksne mellom 16 og 35 i



Alver og Masfjorden kommune. Oppropet seier «Nei til vindkraft i fjellheimen i Nordhordland – bevar naturen for framtida!»

I løpet av vel to veker skreiv heile 535 unge vaksne under på oppropet. Då fristen for oppropet gjekk ut, strøymde svara framleis inn og me enda på godt over 550 underskrifter!

Oppropet er gjengitt under:

«Vi, unge mellom 16 og 35 år frå Alver og Masfjorden, seier eit klart NEI til vindkraftutbygging i fjella i Nordhordland. Naturen vår er ein uvurderleg ressurs som gjev oss kvardagsglede, tryggleik, identitet og moglegheiter for friluftsliv, jakt og rekreasjon. Rasing av desse områda for å byggje vindturbinar vil ikkje berre skade naturen, som har ein verdi i seg sjølv, men òg redusere attraktiviteten til regionen for både oss som bur her og dei som vitjar oss. Vi ønskjer ei berekraftig framtid der Nordhordland sin identitet vert ivaretatt, og der me kan planleggje for eit liv i ein region med fantastiske naturområde som strekker seg over fleire kommunar! Er du frå Alver/Masfjorden, eller er du så heldig at du bur her? Signer for å ta vare på det som gjer Nordhordland unikt, og for å vise at vi verdset naturen i regionen vår og står for eit klart NEI til vindturbinar i vår felles fjellheim».

Det har vore ei stor glede å ha all denne støtta i ryggen. Det har gitt oss ekstra motivasjon til å stå på vidare i kampen for å bevare natur, fjell og bygdesamfunn. Kampen er ikkje over endå, men det var ein stor siger at heile 70, 2 prosent av innbyggjarane i Modalen stemte NEI til vindkraft i Modalsfjella, under folkeavstemminga. Det er ei

avgjersle og eit verdival det står respekt av, og no håpar me at kommunestyret føl saka opp slik me ventar dei skal gjere. Me vil uansett nytte anledninga til å takke innbyggjarane i Modalen!

Dersom du ønskjer å bidra, men ikkje heilt veit korleis

– ta gjerne kontakt! Du finn oss både på Facebook og Instagram.

Med venleg helsing
Ung For Fjella, Anbjørg Berg Dyrhovden

OPNING AV IDRETTSBANA PÅ HOSTELAND



Set av søndag 1. juni. Då vert det opning av det rehabiliterte idrettsanlegget på Hosteland.

På arrangementet vil heile bana og turløypene takast i bruk, dvs. løpebana, hopp og kast, nærmiljøanlegga med treningsapparat, street basket og padeltennis. Idrettslaga og Idrettsrådet vil lage eit aktivitetsprogram som passer både for store og små.

Offisiell opning ved ordførar.
Dagen vert avslutta med seriekamp med Masfjord sitt damelag.

Dagsplan for opningsfesten vert kunngjort i mai.

Velkomen til opningsfest!

Masfjorden idrettsråd og Masfjorden kommune

RISNES IL SIN FJELLTRIM 2024

255 deltakarar og 13530 innsjekk på Risnes IL sin fjelltrim i 2024!

Det var totalt 63 poster, alt fra lågterskelturar i blant anna naturmøteplassen/trimløypa på Hosteland til Toppturar som Skarpefjellsnakken på 779 moh.

16. februar hadde me fjelltrimfest i Klubbhuset på Hosteland. Der kom det til saman 40 personar. Det vart utdelt premiar til alle dei ulike klassane. Alle dei vaksne som hadde klart kravet fekk kvar sin emaljekopp med Risnes IL sin logo på. Alle barn og ungdommar som hadde klart kravet fekk ein flott pokal med inngravert Fjelltrim 2024.

Det vart også premiært for deltakarar frå 0-16 år som hadde besøkt 20 ulike i Trimpoengappen. Det var det 3 personar som klarte, og dei fekk seg ein flott sekk med litt godsaker oppi, sponsa av Spar Hosteland.

Vinnarane var:

Tarjei Eide, Vetle Eide og Marion Birkeland.

Den som hadde mest poeng på årets Fjelltrim, og som fekk vandrepokalen var Hanne Sofie Halland med 447 innsjekk og 3400 poeng.


Vetle Eide fekk pokal for mest poeng for born 0-11 år, med 187 innsjekk og 1229 poeng.

Emil Andre Haveland Molland fekk pokal for ungdom 11-16 år, med 69 innsjekk og 408 poeng.

Tekst og foto:

Hanne Sofie Halland, leiar i fjelltrimgruppa RIL

1.april 2025 går startskuddet for årets fjelltrim, så vil me i Risnes IL ynskje alle ein god tursesong!



«GRIEGS BESTE OPUS»

- på folkebiblioteket i Masfjorden torsdag 8.mai kl 19

Bibliotek har som vane å halda på med bokpresentasjonar. Dette veit me, og bokpresentasjon skal det bli her i Masfjorden ganske snart. Men denne gongen finn me på ein litt annleis vri:

Me har invitert bergenspianist, musikkformidlar og forfattar Øyvind Aase til å halda konsertforedrag for oss på Nordbygda skule.

Her presenterer han den nye boka si «Troidhaugen - Griegs beste opus: Historien om et komponisthjem.»



I denne boka har Aase teke for seg det viktigaste musikkhistoriske bygget i heile Noreg. «Konsertforedrag om ein eigedom, eit bygg ...», lurar ein kanskje på... - men ja, det går! Når sjølve bygget vart gitt i oppdrag og budd i av Noregs viktigaste komponist, Edvard Grieg og kona hans Nina. Når i tillegg denne eigdommen var ein kreativ tilfluktsstad for han, kvar han fann ro og inspirasjon til fleire av sine mest kjende verk.

Med Grieg sitt liv og verk som bakteppe og den folkelege forteljarstilen sin tek Aase oss med på ei musikalsk vandring på naturområdet og den «trolske» trevillaen som komponisten kalla «sitt beste opus». Me får eit innblikk i dei ulike fasane i villaens historie. Desse fasane vil Aase synleggjera for oss med musikalske innslag som oppstod i dei tilsvarande fasane, ispedd nokre sitat og gullkorn av Grieg og andre knytt til dei enkelte verka.

Hald av torsdag 8. mai og still opp ved musikrommet kl. 19.00. Alle skal ha lik tilgang til bibliotektilbodet - difor gratis inngang. Så ta med familie, venner eller naboar som kan ha godt av ein liten tur.



Komponisthytt

Om det er behov for transport meld inn til Annett 48338156, så prøver me å finna ei løysing. Enkel servering.

Me ser fram til å sjå deg på konsertforedraget!

Helsing biblioteksjefen& kulturavdelinga

MED KVINNEHELSE I FOKUS

På sjølvaste kvinnedagen inviterte damene i Masfjorden Høgre til ein heidundrande kveld med fokus på kvinnehelse. I overkant av 130 flotte damer fekk ein kveld dei seint vil gløyme.

Kvelden starta med ein filmpresentasjon av nokre av dei flotte, sterke damene som ein finn i Masfjorden.



Her fekk me sjå alt frå den aller yngste Masfjordjenta til vår eldste Masfjordkvinne, og det var veldig stas å få vise fram desse sporty damene.

Malene Halland er sjukepleiar og legestudent, og lokal influensar frå Gulen. Ho haldt føredraget «Når kvinna ber kostanden: Psykisk helse, stress og arbeidsliv» Ei verkeleg tydeleg stemme som kom med konkrete forslag til tiltak vår neste føredragshaldar, Erna Solberg.

Overgangsalder, psykisk helse og vald i nære relasjonar var tema hos Erna. Samstundes var ho uroa over situasjonen utanfor landegrensa. Me fekk sjå ei avslappa og humoristisk Erna med glimt i auge.

Underskriftskampanje

Ei viktig kvinnesak som me i distriktet er opptekne av, er tilgjengelegheit for mammografiscreening. Tidlegare var det tilbod i mammografi-bussen, men den er ikkje lenger tilgjengeleg. Det vert rapportert om at veldig mange kvinner utsett timen dei får til årleg sjekk grunna lang reiseveg, noko som kan vere avgjerande i ein eventuell diagnostiseringssituasjon.

Me har eit ønske om å sette denne saka på dagsorden, og starta difor ei underskriftskampanje denne kvelden.

- Me vil ha tilbod om mammografi i Helsehuset, Knarvik. Ei anna god løysing kan vere å få mammografi-bussen tilbake på vegane.
- Underskriftskampanjen omfamna også utvida aldersspenn på tilbodet, frå 45 – 74 år.

Erna tok saka med vidare, og Høgre lovar no å fokusera på mammografitilbodet.

Det nye stortingsprogrammet som vart vedtatt på landsmøtet nyleg, legg opp til å gå gjennom finansieringa i både spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta for å sikre at kvinnehelse vert prioritert. Det betyr f.eks. å gjennomgå nasjonale retningslinjer og veileदारar for typiske kvinnesjukdomar.

Kvelden fortsette med husets hjortegryte, servert av kjekke karar – før det var duka for ein artig quiz og eit loddsal med spenstige premiar.

Det vart ein fantastisk fin kveld, med gode samtalar mellom damer i alle aldrar og fasongar. Det er fint å kunne skapa ein arena for desse samtalane. Me er takksame for alle som kom, det betyr mykje at de ville tilbringe denne kvelden saman med oss.

Tekst og foto: Damene i Masfjorden Høgre, Veronica Hjartholm

Invitasjon til 5.-10. klassingar i Gulen og Masfjorden: Aktivitetsdag ved Langevatnet, Eidsbotn 23. april



Gulen Idrettsråd, i lag med Brekke IL, Dalsøyra IL, Eivindvik IL og Ytre Gulen IL, inviterer dykk til ein sosial og kjekk ettermiddag ved Langevatnet onsdag 23. april kl. 16-19.

Det vert sett opp busstransport til og frå arrangementet for Masfjord-elevar

Busstider

Bussane køyrer frå skulane til fylgjande tider:

Matre skule 14.18.(rute buss)

Duesund ferjekai 15.25

Ferje frå Masfjordnes 15.05

Buss frå Duesund 15.30

Nordbygda skule 15.35

Retur frå Eidsbotn 18.55

Duesund ferjekai 19.30

Matre via Solheim ca. 20.00

Påmelding til transport idrettsrådet ved john.torsvik@kvantum.as innan 10.april

TIL SKULANE: Orienteringsløpet er ein lag-konkurransse, minimum to personar pr lag. Lag kan bestå av elevar frå forskjellige klassar så lenge dei er på same skulesteg. Meld på med lagnamn og namn på alle lagsdeltakarar til kjetil.rutledal@gmail.com innan 10.april

Styret i Gulen Idrettsråd

Program for ettermiddagen

Dei som kjem med bussar, og kjem før kl. 16, kan gå av ved skulehuset (Gulen Pizzeria). Vi har frivillige som tek imot dykk der.

Sjølve arrangementet startar med felles matøkt ved Langevatnet (hotdog og drikke) ca. kl. 16.

Elevane delast i to grupper. Mellomtrinnet startar med orientering etter kart medan ungdomsskule-elevane får gje seg i kast med nokre sosiale og kjekke oppgåver. Deretter byter ein postar.

Premiering til dei tre beste laga på ungdomstrinnet, i mellomtrinnet trekkjer ein premievinnarar tilfeldig.

Kanoane ved Langevatnet kan nyttast om ein ynskjer. Arrangør stiller med redningsvestar.

Dette er eit utandørs arrangement. Kle dykk etter været!

Velkommen til ein aktiv og kjekk dag!

UNGDOMSRÅDET PÅ STUDIETUR TIL OSLO



Tysdag 25. mars reiste ungdomsrådet i Masfjorden på studietur til Oslo, saman med varaordførar Geir Egil Haugsvær og koordinator for omngdomsrådet, Rita Ludvigsen, for å lære meir om demokratiet og korleis Stortinget fungerer i praksis. Turen var ei lærerik oppleving der me fekk møte fleire sentrale politikarar og sjå Stortinget i aksjon.

På Stortinget vart me tatt imot av Gry Mossikhuset, som er tilsett av Senterpartiet. Me fekk også møte visepresident og stortingsrepresentant frå Hordaland SP, Nils T. Bjørke, samt stortingsrepresentant frå Sogn SP og tidlegare kommunalminister, Erling Sande.

I tillegg fekk me komme inn på kontoret og helse på stortingspresident Masud Gharakhani, som representerer Arbeidarpartiet frå Buskerud.

Under besøket fekk me vere til stades på eit møte i Stortinget, noko som gav oss innsikt i korleis den politiske prosessen fungerer i praksis. Me fekk òg ei grundig omvising i bygget, der me lærte om historia og rolla Stortinget har i det norske demokratiet, samt prøve slike stolar som alle stortingsrepresentantane

sit i. Me hadde også ein kort, men interessant samtale med ein redaktør frå Senterpartiet. Der snakka me blant anna om korleis partiet promoterer seg og når ut til fleire – til dømes via Facebook – og kva slags innlegg som kan skape engasjement. I tillegg fekk me besøke kontoret til Trygve Slagsvold Vedum.

Under opphaldet på Stortinget fekk me lunsj, der det var ulike rettar å velje mellom. I samtalen rundt bordet fekk me òg høve til å snakke om Masfjordbrua – eit tema som vakte engasjement hos dei store politikarane.

Etter besøket på Stortinget brukte me tid på å sjå litt rundt i Oslo. Nokon nytta også moglegheita til å gå på ein shoppingrunde og sjå seg litt rundt før me sette kursen mot flyplassen for å reise heim att.

Studieturen var ein stor suksess, og me reiste heim med ny kunnskap og inspirasjon til å engasjere oss vidare i lokalpolitikken – og kanskje ein gong ender ein av oss opp på Stortinget.

Tekst: Nora Haugsvær, Henriette Sjøvik og Amalie Lahti Fjellby
Foto: Rita Ludvigsen, oppvekstleiar



KRISESENTER FOR BERGEN OG OMEGN

I kommunestyremøtet 20. februar vart det orientert om tilbodet som Masfjorden kommune har i Kriresenteret i Bergen og omegn.

Vald i nære relasjonar angår oss alle, også i Masfjorden. Innbyggjarar i Masfjorden har tilbod om krisesenter i Bergen kommune. På krisesenteret kan ein få både råd og rettleiing, og ein trygg stad å vere.

Vald i nære relasjonar finn ein i alle samfunnslag og miljø, og kan ha mange former. Vald kan vere fysisk, psykisk eller seksuell, det kan handle om sosial kontroll eller vere knytt til kultur.

Det krev samarbeid og felles merksemd om tema.

Mistenkjer du at nokon du kjenner vert utsett for vald?

Du kan kontakte krisesenteret for råd og rettleiing for korleis du kan hjelpe. Tilbodet på krisesenteret er gratis, og ein treng ikkje tilvising frå lege.

Du kan ta kontakt med krisesenteret på telefon 55 31 50 50.

Krisesenteret har ei Facebook-side der ein får fortløpande informasjon.

Tekst: Redaksjonen

PÅ NRK-BESØK I TRONDHEIM PÅ EIN DAG


Tysdag 25.mars hadde eg bestemt meg av alle ting for å ta ein dagstur til Trondheim. Målet mitt var å besøka NRK. Mykje av det som vert sendt nasjonalt på P1 og P1+ vert sendt frå Trondheim. Eg har alltid vore interessert i korleis dei jobbar i NRK i kulissene av det me høyrer og ser i sjølve programmet.

For nokre år sidan intervjuja eg Erik Forfod, programleiaren for «På dansefot». Sidan den gong har eg hatt litt kontakt med han. Eg fekk mellom anna i oppgåve å laga ei speleliste for programmet han leia. Etter det lurte eg på om eg kunne få koma på besøk, og det ordna seg.

Det vart ein grytidleg avreise frå Masfjorden. Eg blei vekt halv tre, og halv fire sette me kursen mot Flesland og første fly nordover. Leiaren på MBA, Ernestas, hadde sagt ja til å vera med meg. Vel framme på Tyholt vart eg tatt imot av sjølvaste Erik Forfod. - Har du det travelt, spurde eg.- Ja, det er alltid noko å gjera på her, men i dag har eg sett av heile dagen til deg! Det var stas!

Første stopp var redaksjonslokalet til P1+, opp ein etasje. Her hadde dei hovudstudioet sitt. Me gjekk inn i studioet, og eg fekk sjå mixepulten og der han står når han har sending. Eg fekk helsa på og snakka med mange av dei kjente radiostemmene som arbeider der, mellom anna Tom Erik Sørensen som jobba lenge i Norge Rundt, og Helge Raftvoll som leiar Ønskekonserten. Eg møtte og Inger Helga Skinlo som skulle ha Jukebox denne dagen.

Etterpå var det P1 som stod for tur. Her var dei på direktesending med Landsmøte. Eg fekk møta programleiarane Torfinn Borkhus og Elin Aandal Herseth, og produsent Håvard Karlsen. Me var med inn i studioet, men måtte vera musestille. Deretter fekk eg sjå nyhetsstudioet til TV og helsa på dei som hadde distriktssendinga for Trøndelag. Deretter vart det prat i P1+-sitt redaksjonslokale og jammen fekk eg helsa på P1- og P1+-sjefen Bjørn Tore Grøtte. Han tok seg god tid til å prata med meg.



Jo Ronald Mjanger i lag med programleiar Erik Forfod

Eg fekk og sjå det digitale musikkarkivet til NRK. Og trur du ikkje at alle CD-ane til Masfjorden kulturskule var med i arkivet! Eg var og ein tur innom Trafikkradioen. Den skulle snart leggest ned, fekk eg vita.

Gjennom heile dagen hadde eg mange spørsmål om korleis ting vert gjort på NRK, og eg fekk gode forklaringar og svar på dette. Dette var lærerikt. Gjennom dagen fekk eg små gåver frå dei ulike avdelingane, slik som termokopp, drikkeflaske, sitjeunderlag, handlenett og refleks.

«Utan mat og drikke, duger helten ikkje», så no var det tid for å ta heis 124 meter opp til toppen av Tyholt-tårnet og den roterande restauranten til «Egon».. På menyen var det peppersteik og lun eplekake med is.

Halvsju var det tid for retur. Til MBA kom eg ti på ti. Det hadde vore ein stor, lang og innholdsrik dag. Takk til Erik for at du laga til ein slik fin dag for meg. Og takk til Ernestas som var heilt topp reisefølge.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Ernestas Janciauskas

VÅRFEST

**Onsdag 23. april kl. 17.00,
på Snikkarbua, Kvingo**



Festtale ved Oddny Miljeteig

Musikalske innslag ved:

- Vegard Kvestad, noregsmeister på toradar
- Terje Rasdal – viser og allsong
- Masfjorden trekkspelklubb
- Elevar frå Masfjorden kulturskule

Rømmegraut, spekemat, kaffi og kaker

Dans!

Pris: Kr. 400,- per pers.

**Påmelding (tlf. eller sms) innan 5. april til:
Ivar Haukeland 481 15 031
Torill Vågset Kristoffersen 995 90 320
Alf Strand 416 10 978**

Arr. Pensjonistforbundet Masfjordnes

FLOTTE KULTURSKULEARRANGEMENT

Tradisjonen tru arrangerte kulturskulen konsertar og utstillingar i mars. Arrangementa var godt besøkte med familie og venner i publikum, og elevane imponerte og sjarmerte med sine framføringar og produkt.

Det er gledeleg å oppleva god utvikling hjå elevane, og konsertar prega av entusiasme og humør. Og så er det fint å sjå at mange elevar som til vanleg ikkje spelar saman, finn saman til slike konsertar. På Sandnes, til dømes, opna konserten med ein forrykande Beatles-medley med eit prosjektband på 12 elevar leia av Åsmund Kvinge.

Her var det eit særleg fokus på trommisane.

På konsertane hadde kunstgruppene utstillingar, og jammen produserer dei mykje fint. Kunstgruppa på Nordbygda har no vore i sving i to år. Sist haust starta ein opp med teiknekurs på



Sandnes der 10 deltakarar; ungdom og vaksne, har utfalda seg denne vinteren.

Tekst og foto: Frank Kvinge



BLI MED!



Likar du å lage ting med hendene dine - noko du syns er fint eller noko du kan bruke?

Vi skal arbeide med tradisjonshandverk og lage bruksting eller kunstverk – eller noko som er begge deler på ein gong; kunsthandverk.

Aktuelle teknikkar er plantefarging, filting av ull, spikking, spinning og veving med meir. Vi vil jobbe kreativt og undersøkende.

Kurset er for aldersgruppa 10 år og oppover og er også for vaksne.

Lærer: Vigdis Valde

Stad: Matre skule, formingsrom

Dag&tid: Måndagar kl. 17:00 - 19:30

Det vert seks samlingar i haust og seks til våren

Møtedatoar i haust:

september: 8. - 15. - 22. - 29.

oktober: 13. - 20.

Kurset er i regi av kulturskulen og ein betaler standard kursavgift dit.

Les på
Masfjorden kommune - Masfjorden kulturskule

Påmeldingsfrist til
kulturskulen@masfjorden.kommune.no
innan 1.mai

Skriv inn namn, klasse, mobilnr. føresett og e-post føresett.

Påmelde vil få tilsendt nærare informasjon.

Spørsmål: Ta kontakt med Frank på 970 61 230

Helsing Masfjorden kulturskule



PÅ EKSKLUSIVT OPPDRAG



I samband med leiarkonferansen for skule- og oppvekstleiarar på Quality hotel Edvard Grieg vart Masfjorden kulturskule invitert til å stå for kunstneriske innslag under den høgtidelege middagen på kvelden. Kulturskuleelevane og songarane Sanna Kvinge og Sofie Ekren fekk oppdraget, og saman med Jon Martin Skauge som akkompagnatør framførde dei ein aldeles nydeleg liten konsert for dei i salen.

Leiarane fekk eit møte med country-rockgruppa Rotlaus sin Rundt neste sving, Shania Twain sin You're still the one og dessutan duetten A thousand years frå The Twilight saga. Innimellom dette slo Jon Martin til med ein sprudlande versjon av sin eigen «No tenke eg framtid».

Og konserten fall i smak, faktisk så godt at salen kvitterte med ståande og langvarig applaus då det heile var slutt.

Det er kjekt for dyktige og ivrige ungdommar å få slike oppdrag, og kunne utfalda seg på denne måten.

Snakk om gode ambassadørar for Masfjorden og det me kan by på her!

Palmefredag opnar Kunstrunden i Nordhordland i regi av Nordhordland kunstlag. Også her er det Masfjord-kulturskuleelevar som står for musikalske innslag.

Tekst og foto: Frank Kvinge



ELEVOPPTAK I KULTURSKULEN SKULEÅRET 2025-26

Søknadsfrist for inn- og utmelding er 1.mai.
Kurstillboda til skulen er som tidlegare,
men kom gjerne med innspel på tilbod du
ønsker kunne vore starta opp.

Informasjon om kurstillbod, inn- og
utmelding, elevbetaling mm finn du på
kommunen si heimeside, her:
Kulturskule - Masfjorden kommune

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål knytt
til søkeprosessen. 56 16 62 00/97061230

Det nye kunsttilbodet på Matre er i tillegg
omtala i dette bladet.

Velkommen i kulturskulen!



MASFJORDEN Kulturskule

Band, song, piano, slagverk,
gitar, studio, lyd, messing,
teikne og måle, teater m.m.

Frist for påmelding for
skuleåret 2025-2026 er 1.mai

kulturskulen - www.masfjorden.kommune.no
tlf. 97061230 / 56166246

AKTIVITETSKALENDER PÅ HEIMESIDA

No kan du sjå kva aktivitetar som skjer
i kommunen.

Du finn aktivitetsskalendarer lett
tilgjengeleg på framsida av
heimesida vår.

Vi oppfordrar lag og organisasjonar til
å legge inn aktivitetane sine sjølve, via
foreningsportalen.

Du treng ein redigeringskode. Dersom
du manglar denne kan du ta kontakt
med Frivilligsentralen:

Kristin Kvamme Rasch: kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.no

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes,
Masfjorden kommune



HELSING FRÅ FRIVILLIGKOORDINATOR

I Masfjorden er vi så heldige som har mange engasjerte frivillige som har lagt ned mange dugnadstimar på etableringa av gode møteplassar. Treningar, turstiar, samlingar, vedlikehald av kulturbygg, idrettsanlegg; lista er lang.

Det vi kanskje ikkje alltid tenkjer på, er at dette er ei storsatsing på folkehelsearbeid som alle innbyggjarane i Masfjorden kan ta del i og ha nytte av.

Dugnadstimane er folkehelsearbeid, ein gjer noko fysisk arbeid, det kan vere ei sosial stund, og ein gleder seg sjølv og andre.

Å gjere noko for andre, gjer noko med deg. Desse møteplassane er med på å førebyggje einsemd, sjå og kjenne på gleda hjå andre og deg sjølv, kome inn i gode livsrutinar som kan gjere deg meir robust til å takle helseutfordringar seinare i livet. Det er mykje positivt med å halde fram med eller starte opp med å nytte seg av desse supre møteplassane vi har i kommunen.

Kanskje ein har lyst å starte opp ein ny møteplass med ein aktivitet som me ikkje har frå før? Her er ingen avgrensingar. Ta gjerne kontakt med Masfjorden Frivilligsentral om du har gode idéar eller ønskjer informasjon om kva møteplassar vi har i kommunen.



KULTUR- OG AKTIVITETSPROGRAM
I MASFJORDEN VÅREN 2025



FRÅ FYSIOTERAPEUTEN

Det er veldig stas å sjå at Aktivetskalendaren til Masfjorden kommune har eit rikholdig tilbod til innbyggjarane i kommunen, under aktivitetane Trim Mosjon, Turgåing og Dans.

Her er ikkje vanskeleg å finna nokon å bevega seg i lag med, same kor i kommunen du bur.

Om "stillingen er svak", som det heiter i songen, er det rike moglegheiter for å koma seg opp frå sofaen og ut i naturen.

Helsing fysioterapeut, Sveinung Hope



GJENNOMFØRTE FOLKEMØTE OM KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Kommuneplanen sin samfunnsdel vil verta kommunen sitt overordna styringsdokument, som skal gje retninga for utviklinga av Masfjorden kommune. Planen har eit 12- årsperspektiv (2025 – 2037), og skal handla om heile kommunen og om kommunen som organisasjon.

Det har no vore gjennomført folkemøte i alle dei tre skulekrinsane, for å få innspel og synspunkt om utviklinga til kommunen, og kva retning kommunen bør få framover. Det har og vore møte med frivillige lag, og møte i eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Alle stadar har det vore eit stort engasjement, og kommunen har fått mange innspel som det skal jobbast vidare med i arbeidsgruppa.

Ordførar Erlend Kvamsdal har i lag med rådgjevar Aina Tjosås frå føretaket ABO Plan & Arkitektur AS leia møta. På møta har Tjosås først orientert om kommuneplanarbeid og lagt fram egne synspunkt på kva utfordringar ho meiner Masfjorden kommune har.

Deretter har det vore dialog og gruppearbeid, og opplesing og drøfting knytt til tilbakemeldingar frå forsamlinga på ulike spørsmål.

Til høgre er det fotografi frå kvar av folkemøta, der det til saman deltok ca. 70 personar.

Tekst og foto:
Sveinung Toft, ass.rådmann



På Sandnes skule 4. mars



På Nordbygda skule 11. mars



På Matre skule 12. mars

”FOLK TRENG HUS OG HUS TRENG FOLK” Ole H. Bremnes

Har du sett kor fint det er blitt i det nye bustadfeltet i Ytre Haugsdalen? Asfalt til alle tomtane, snuplass til buss med busstur og eige monument.

Bustadområdet i Ytre Haugsdalen er eit nytt bustadfelt med 12 byggjeklare kommunale bustadtomtar. Alle tomtane er ferdig planerte og tilrettelagte med veg, vatn og avlaup.

Ti minutt med bil til Hosteland med alt av servicetilbod. I underkant av ti minutts køyring andre vegen, til industriområde i Sløvåg.

Ta kontakt med Kjersti Furnes Soltvedt for meir informasjon:

Telefon: 90619603 / 56166200

E-post: kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Kjersti Furnes Soltvedt



KONTAKTINFORMASJON



MASFJORDEN KOMMUNE

Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES
www.masfjorden.kommune.no

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen: 4.juni
Notér datoen i årshjulet
for organisasjon din.

Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige
stunder frå hendinga i etterkant,
slik at folk i bygdene kan få
eit innblikk i det som skjer.

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no
eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no
Formgjeving: Mary Hope

KYRKJA

Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
E-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Trusoplærer: Else Iren Westervik
Tlf: 56 16 62 62 / 952 26 595
E-post: else.iren.westervik@kyrkjaimasfjorden.no

Konfirmantarbeidar: Alf Holmaas Helland
Tlf. 920 20 148
E-post:
alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no

Sekretær: Tetiana Puliaieva
Tlf. 56166269
E-post: tetiana.puliaieva@kyrkjaimasfjorden.no

Organist: Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
E-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar: Remi Kallekleiv
Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513



God påske